

SOMMERMIX

ALBANIA

kulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkulturmixkul

27. JUNI - 05. JULI 2011



LITT OM ALBANIA

Albania

er på størrelse med Hedmark fylke, med ca 3,5 mil. innbyggjarar Nokre hevdar at det er her vi finn det mest hjelpsomme og imøtekomande folket i Europa. Her er lite kriminalitet, sjølv om ryktet seier noko anna. Dei fleste kriminelle har reist til Vest-Europa, der pengane er

Turisme

Det er for det meste italienarar og grekarar som dreg over hit for å feriere eller å ha ei helg heiman frå. Albania har nesten ingen turistar. Her er massevis av sand- og rullestein-strender som ein kan ha nesten heilt for seg sjølv. Albania er eit billig land ,bortsett frå det å bruke leigebil. Vegane er dårlege, og køyremønsteret er eit anna enn i Norge og skilting i Albania er eit ka-pittel for seg. Men bruker ein hovud og auge, så går det bra. Albanerane er sosiale folk med god tid. Det gjeld også i trafikken. Dei stoppar, og parkerer der dei måtte ønskje, gjerne midt i gata eller inne på fortauet. Dei tuter mykje, men det er som regel berre godlynt, der er lite aggressivitet og mas.

Vær og klima

Albania har det kan kalle eit klassisk middelhavsklimai eller temperert klima.



Sør-Albania seiest å ha mellom 290 og 310 soldagar i året – alt etter kva kjelder ein skal tru på. I dei varmaste sommermånadane kan temperaturen kome opp mot 30 og 35 grader i skuggen, medan det på natta held seg rundt 20. Vatnet held ca cirka 25 grader i juli og i august I følge Wikipedia har hovedstaden Tirana ein årlig nedmørnsnormal på 1353 millimeter, og i enkelte haustmånadar regnar det nesten like mykje som i Bergen. Ein stor kontrast altså, til dei 300 soldagane på kysten sør i landet.

Banker og vekslingskontorer

I Tirana ligg minibankane tett. Det samme gjeld dei fleste store byane. Ved varekjøp vert det stort sett brukt kontantar.

Drikkevatt

Det vert anbefalt tå kjøpe vatn på flasker

Elektrisitet:

Den elektriske spenningen i Albania er 220 volt.

Mobiltelefoni:

Net com og Telenors abonnenter kan bruke mobiltelefon i Albania.



VELKOMEN PÅ TUR

Endeleg - då er vi i gong. Det var ikkje så enkelt som vi trudde å få denne turen i gang. Det såg ut til å bli vanskeleg å fiksa gruppebillettar utan at det vart uforholdsmessig dyrt. Albania er nemleg ikkje ein typisk turistdestinasjon. Enkeltvis kunne ein finne billege billettar, men ikkje for gruppe. Vi snakka om at folk kanskje kunne ordne flybillettane på nettet, kvar for seg, men det baud på logistiske problem det også. No ser det ut til å ordne seg med gruppebillettar likevel. Denne brosjyra har vi lova å legge ut i april, så i skrivande stund er der enno eit par ting som må falle på plass.

Avreise frå Oslo blir måndag 27. Juni kl. 0710 via København og Wien, og vi er framme i Tirana kl. 1245. Så blir det sightseeing tur med buss sørover gjennom landet til byen Saranda som ligg på sørkysten av Albania der vi skal bu. Vi har fått eit lite koseleg hotell med eiga strand og ca 10 minuttspasertur frå sentrum. Vi vil vere tilbake i Oslo på Tirsdag 05. juli kl 2300

Saranda og området rundt har mykje å by på både av historiske stadar, eksotiske naturperler og badestrender. Korøvingane vil stort sett gå føre seg rett etter frukost og på ettermiddag/kveld; tilpassa det andre programmet vårt med sightseeing, og fritid for bading og vandring i byen. Vi skal også møte lokale songarar etterkvart, for mixing og for avsluttande konsert.

Så no er det altså tid for å bestemme seg, og for å melde seg på til Albaniaturen 2011. Vi har bestilt 40 plassar og håper å fylle opp dette så vi får eit flott kor. Vi må vere minimum 30 stk for å kunne gjennomføre turen. På neste side er meir informasjon om påmelding prisar og tidsfristar.

Vel møtt med badeshorts og notehefte.



PRIS kr. 12.650,-

Dette dekkjer

- * fly tur-retur Oslo - Tirana
- * all transport som er knytta til vårt program i Albania
- * hotell og alle måltid med unntak av to måltid
- * alle sightseeingturar og tilhøyrande billetter
 - * øvings og konsertlokaler
 - * seminar og musikarar
 - * notar

Prisen dekkjer ikkje

- * reiseforsikring
- * reise frå og til heimstad og utreise flyplass
- * transport i Albania (taxi etc) utanom programmet
- * to av måltida under turen

PÅMELDING TIL

KULTURMIX

v/

Anne Mette Dahl Olafsen
annem.dahlolafsen@gmail.com

FRIST FOR INNBETALING

12. mai

kr. 12.650,- betalast til konto: 3991 05 88536

NB

På grunn av strenge reglar frå flyselskapa vil avbestilling som ikkje vert dekt av forsikringa ikkje refundert frå

Dersom turen vert avlyst vil heile innbetalinga bli refundert.